

Vurdering for utvikling

Rapport Bulandet skule



Veke nr. 45, 3.-5.2020

Tema: Relasjonar – korleis jobbar dei tilsette ved Bulandet skule med å opprette og vedlikehalde relasjonar mellom tilsette og elevar?

Vurderar

Endre Johan Bukkøy Natvik

/

Vurderar

Frank Oppedal

Innhald

1. Føreord.....	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om skulen og val av vurderingstema.....	4
4. Frå vurdering til endring av praksis.....	4
5. Framtidsbilete	5
6.Vurderingar	7
7. Spørsmål til refleksjon.....	14
8. Vidare arbeid.....	15
Vedlegg:	16

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen/skulen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen/skulen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

November 2020

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule,

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 92641210

E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Bulandet skule er ein 1 til 10 skule i Askvoll kommune. Det er ein liten skule med par og tretti elevar og eit lite samfunn der ein møter kvarandre på fleire ulike arenaer. Lærarar som har elevar på dagtid møter dei like gjerne på ettermiddag på fritidsaktivitetar eller anna. Elevane er tydelege på at dei kjenner på at dei er få og det kan føre til at det er få å vere med til tider. Samstundes kjenner elevane på at dei nærast føler seg til tider som ein familie fordi dei kjenner kvarandre særst godt. Dette kan vere fordelaktig i nokre situasjonar og vanskeleg i andre. Elevane ved Bulandet har mykje gode forklaringar på kva relasjon og relasjonsbygging er, samt kor viktig dette er for å skape trivsel. Dette er eit tema som skulen held på å arbeide med vidare, og ynskjer å skape ein felles plattform og strategi for.

3. Fakta om skulen og val av vurderingstema

Bulandet skule er ein 1 – 10 skule. I år har vi 34 elevar. Desse elevane er fordelte på 7 klassesteg, då vi manglar 1. 2. og 5. klasse dette skuleåret. 9 lærarar og 2 assistentar jobbar her.

Bakgrunn for val av vurderingstema

Etter elevundersøkinga hausten 2019 og den påfølgande Spekterundersøkinga i januar 2020, såg vi ein negativ trend når det gjaldt motivasjon, trivsel og mobbing. På bakgrunn av desse funna starta kollegiet eit læringsmiljøprosjekt for å finne ut kvar skoen trykkjer mest. Sidan vi skulle ha eksternvurdering hausten 2020 fann vi det naturleg at vurderingstema vart knytt opp til læringsmiljøprosjektet. Sidan gode og trygge relasjonar til andre menneske er grunnleggande for trivsel og dermed læring, landa vi på relasjonar som vurderingstema

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern skulevurdering er eit verktøy for å hjelpe skular å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføre sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern skulevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til skulen

Faglig grunnlag for ekstern vurdering
Kvalitetsarbeid og barnehagebasert vurdering
Barnehageutvikling og organisasjonsendring



Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidbiletet. Vurderarane peikar på kor skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det skulen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern skulevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidbilette

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, læreplanen eller skulen sine egne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen, og til slutt godkjende av skulen.

Framtidsbilete Bulandet skule med utviklingstema: Relasjonar

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p>Elevane: Elevane opplever ein skule der dei har trygge relasjonar til kvarandre og vaksne som ser, høyrer, respekterer og anerkjenner kvar einskild slik at han/ho trivst og får ro til å lære.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Eleven har nokon å vere saman med på skulen • Eleven opplever at læraren bryr seg • Eleven opplever at lærarane støttar han/ho positivt og konstruktivt i læringsarbeidet • Eleven føler at han/ ho er ein positiv del av klasse miljøet - eleven føler han/ ho er ein del av eit klassefelleskap
<p>Lærarane: Lærarane er autoritative vaksne.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Læraren nyttar formelle og uformelle samtalar med elevane for å bygge gode relasjonar og viser interesse for eleven som menneske • Læraren tek ansvar for kvaliteten på relasjonen mellom seg og eleven • Lærarane er gode rollemodellar i korleis ein løyser konflikter • Lærarane har positive forventningar til åtferd og gjev elevar positiv støtte
<p>Føresette: Foreldra er inkludert i og støttar opp om skulen sitt arbeid med å betre læringsmiljøet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen legg til rette for at foreldra har ein arena der dei kan delta aktivt i arbeidet med elevane sitt læringsmiljø • Kommunikasjonen mellom heim og skule er god • Det er lett for dei føresette å ta kontakt med skulen • Foreldra snakkar fram skulen
<p>Skulen: Skulen er ein lærande organisasjon som utviklar lærarane sin relasjonskompetanse gjennom kollektive prosessar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalet har vilje til å utvikle seg og endre praksis • Personalet har faste felles møtepunkt der dei reflekterer rundt eigen praksis • Leiinga legg til rette for målretta kompetanseheving og har arenaer der dei tilsette får høve til å auke relasjonskompetansen sin • Skulen har ein kultur for deling, samarbeid og felles refleksjon

6. Vurderingar

Kvalitetsmål elevvar: Elevane opplever ein skule der dei har trygge relasjonar til kvarandre og vaksne som ser, høyrer, respekterer og anerkjenner kvar einskild slik at han/ho trivst og får ro til å lære.

Teikn på god praksis: Eleven har nokon å vere saman med på skulen

God praksis:

Elevane seier dei trur dei fleste har nokon å vere med når dei ynskjer. Elevane forklarar at dei veit korleis dei kan inkludere andre ved å spør om ein er med å leike, samstundes som det er akseptert at om ein er sint og treng tid for seg sjølv er det greitt. Dei trekker fram at lærarane bruker tid på å ordne opp om det er konflikt i timar. Ei gruppe elevvar seier dei stoler på at lærarane ordnar opp. Elevane gjev uttrykk for at det kan sjå ut som det er mange små konflikhtar, men at det ikkje nødvendigvis er så alvorleg som det ser ut som og går mykje på intern spøk. I samtale er elevane tydelege på at dei er så få at ein har ikkje noko val om å vere saman, som fører til at alle har nokon. Mange av elevane vi har snakka med trekker fram at det er viktig for trivsel at ein er snille med kvarandre og oppfører seg fint i lag, og dei seier dei opplever at slik er det på Bulandet.

Praksis som kan bli betre

Sjølv om det kan sjå tilsynelatande ut som at ein har nokon å vere med, gir elevane uttrykk for at det ikkje alltid er slik at ein har nokon eller føler seg inkludert alltid. Det er mange ulike relasjonar, som igjen medfører ulike reaksjonar mellom grupper elevvar. Elevane seier at dei opplever at lærarar kan vere med å eskalere konflikt som elevane sjølv meiner er over, ved å ikkje sleppe taket på konflikta, men i staden forlenge den. Det kan vere utfordrande å passe inn om ein ikkje deler interesser med etablert gruppe. Elevane seier at sjølv om dei opplever at ein er snille med kvarandre, kan det kome kommentarar som blir gøymt vekk med at det er tull, men som er øydeleggande og at det varierer i kva grad det blir slått ned på av lærarane.

Teikn på god praksis: Eleven opplever at læraren bryr seg

God praksis:

Elevane seier at dei kan ordne opp sjølv, men får støtte av lærarar når det er trong. Samstundes opplever enkelte at lærarane overdriv konfliktnivået. Lærarane kan bruke humor og fortelje om personlege opplevingar for å vise forståing og skape relasjon. Dette seier lærarane òg er ein konkret strategi for relasjonsbygging. Elevane opplever at lærarane prøver å skape relasjon på bakgrunn av den kunnskapen den enkelte lærarane har om interessene til eleven. Nokon elevvar nemnde at lærarane kunne vere strenge, for at dei som gruppe skal ha det betre. Ein ordnar raskt opp i konflikhtar, gjerne elevane seg i mellom. Om ikkje tar ein kontakt med lærarane som hjelper til å ordne opp. Elevane trekker fram at for å trivst er det viktig med lærarar som bryr seg, arbeidar med tema på spennande måtar, variasjon i undervisninga. Dei opplever at mange gjer det, men ikkje alle.

Praksis som kan bli betre:

Det blir trekt fram av elevane at dei føler ein høyrer meir på jentene og viser forståing, enn for gutane. Nokon sin leik blir i større grad sett på som konflikt og blåst opp opplever dei. Elevane trekker fram at nokon elevar får betre relasjon med lærarane grunna felles fritidsinteresser enn andre som ikkje deler same interesse. Elevane gjev uttrykk for at det er til tider ganske strengt med sanksjoner og merknad. Dei seier ein forstår det er for å førebyggje alle typar konflikhtar, men når merknad blir brukt for mykje mister det effekt. Det er dumt når ein elev får merknad grunna ein anna elev, som kan skape dårleg relasjon mellom elevar som er involvert trekker elevane fram i samtale.

Teikn på god praksis: Eleven opplever at lærarane støttar han/ho positivt og konstruktivt i læringsarbeidet

God praksis:

Vi har sett lærarar som rører seg mykje i klasserommet og tar fleire rundar rundt til kvar enkelt elev og prøver å oppmuntre til arbeid. Elevane svarer at dei opplever støtte i læringsarbeidet i fleire fag. Det er mange som er flinke til å involvere seg. Elevane seier dei fleste bryr seg om ein, men nokon lærarar vel å strekke seg lenger for å hjelpe. Det er tema kvar veke, som inkludering og respekt, der ein samtalar om kva det er og korleis ein viser det. Elevane seier dei er flinke til å fokusere på veka sitt tema og vier det ekstra fokus. Når ein gløymer seg er læraren der for å minne på.

Praksis som kan bli betre:

Elevane seier det varierer litt på kven som har timen. Dei gjev uttrykk for at inn i mellom unngår å spør fordi ein veit ein ikkje blir tatt på alvor eller får hjelp. Elevane uttrykker at dei ynskjer meir elevmedverknad på val av arbeid, metode og vurdering og seier at det vil gi dei meir eigarforhold til eige arbeid. Dei seier dei blir gitt val, men opplever det ikkje reelt som valfridom då valet allereie er tatt av lærar. Elevane seier det er stor variasjon i kva lærarar dei føler involverer seg på eit personleg nivå, som dei seier heng saman vanskar for å vere oppdatert på kva som rører seg av interesse i deira krets og interesser.

Teikn på god praksis: Eleven føler at han/ ho er ein positiv del av klassemiljøet - eleven føler han/ ho er ein del av eit klassefelleskap

God praksis:

Elevane seier det har vore tema av og til, men ikkje så ofte. Dei er flinke til å sei kva som skal til, som til dømes om alle bryr seg om kjenslene til kvarandre og viser omsyn og aksept for kvarandre vil fleire få det betre. Dei synes det er viktig at ein lyttar til kvarandre. Vi høyrer elevane som er god på den teoretiske biten om kva som skaper eit godt klassefelleskap og klassemiljø er. Lærarane seier dei bruker mykje tid på å samtale omkring temaet, og brukar både arbeidstid og fritid til å lese om og forstå teori og tankar omkring temaet. Elevane gjev uttrykk for at det er ein fin stad å gå på skule, sjølv om det er lite miljø. Ein får vennskap for livet.

Praksis som kan bli betre:

Fleire elevane seier at dei synes det er vanskeleg å gjere det som skal til for at klassemiljøet skal bli betre, då gruppa ein er med og dynamikken i gruppa avgjer korleis ein oppfører seg. Elevane trekker fram at det sjeldan er klassens time og andre råd der ein kan ta opp ting og saknar å vere med å bestemme. Spesielt dei eldre elevane sit med ei kjensle av at dei alltid blir nedstemt av lærar om dei kjem med forslag som om ein har gitt opp å gi dei ansvar.

Kvalitetsmål personalet/tilsette: Lærarane er autoritative vaksne.

Teikn på god praksis: Læraren nyttar formelle og uformelle samtalar med elevane for å bygge gode relasjonar og viser interesse for eleven som menneske.

God praksis:

Lærarane uttrykker at det er viktig å nytte både formelle og uformelle samtalar med elevane for å bygge gode relasjonar. Ein prøver å seie 'hei' kvar morgon og spørje korleis det går med eleven. Eittersom det er så få elevane på skulen, er det gode høve til å samtale med elevane om kva dei er interesserte i og opptekne av. I tillegg seier lærarane at dei prøver å vere medvitne på å ta borna på alvor og gi dei omsorg. I observasjonane har vi sett god praksis på dette området, blant anna ved at dei tilsette har snakka med enkeltelevane i friminutta om interessene deira og korleis dei har det. I klassane brukar ein også tid på tema som skal styrke klassemiljøet og relasjonane mellom elevane og mellom elevane og lærarane. Både lærarar og elevane nemner gode døme på aktivitetar som har vorte laga til for å auke trivselen blant elevane.

Praksis som kan bli betre:

Lærarane er tydelege på at det er viktig for dei å vise at dei bryr seg om elevane, blant anna ved å engasjere seg i elevane sine interesser. Likevel seier fleire av lærarane at det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert på elevane sine interesser, særleg dei som inneber bruk av digitale hjelpemiddel. Dette stadfestar og elevane.

Teikn på god praksis: Læraren tek ansvar for kvaliteten på relasjonen mellom seg og eleven

God praksis:

Lærarane seier dei er medvitne rolla si som aktiv relasjonsbygger mellom seg og eleven. Lærarane seier i samtale at dei er opptekne av å bygge relasjonar prega av gjensidig respekt og tryggle

rammer. Det blir sagt vidare at det vil vere vanskeleg å drive god undervisning om ikkje dei grunnleggande relasjonane mellom elevane og lærarane, eller elevane imellom, er på plass. I tillegg vil elevane lettare akseptere at læraren iretteset ein elev dersom ein god relasjon allereie er etablert. Lærarane understrekar at det er viktig å bruke seg sjølv og døme frå eige liv for å illustrere problemstillingar. Vidare er ein tydelege på at det må vere ein samanheng mellom det ein seier og gjer. Baksnakking og personangrep vert slått hardt ned på.

Praksis som kan bli betre:

Både lærarar og elevar seier at det er lærarane som må ha den aktive rolla når det gjeld å skape relasjonar på skulen. Lærarane seier at dei stort sett er medvitne og tydelege på rolla si og at dei etter beste evne prøver å bygge relasjonar, medan fleire av elevane opplever at dei manglar gode relasjonar til fleire av lærarane.

Teikn på god praksis: Lærarane er gode rollemodellar i korleis ein løyser konflikhtar

God praksis:

Lærarane uttrykker at det er viktig å respektere alle elevane sin versjon og lytte til kvar einskild elev for å forstå grunnen til at ei konflikt har oppstått. Om læraren sjølv held roen i ein oppheta situasjon, vert det lettare å roe ned elevane. Dessutan blir det nemnt at læraren bør vere seg sjølv og vere konsekvent slik at elevane kan stole på at læraren bryr seg og er rettferdig. Dersom ein vaksen vurderer ein situasjon feil, er det viktig å forklare kvifor ein reagerte og handla som ein gjorde. Dessutan seier nokre av lærarane at elevane aksepterer at dei vaksne gjer ei feilvurdering dersom læraren unnskylder seg. Det er viktig å løyse konflikten før ein går heim for dagen og om nødvendig bruker ein tid for å løyse vanskelege situasjonar. Det er lett å ta kontakt med heimen for å informere om eventuelle konflikhtar og dialogen med dei føresette fungerer stort sett godt.

Praksis som kan bli betre:

Både lærarar og elevar seier at det ved fleire høve kan bli mykje mas og kjefting frå dei vaksne når konflikhtar skal løysast. Sjargongen blant dei eldste elevane kan vere prega av bannord og direkte kommentarar om/til medelevar. Dette kan verte oppfatta som konflikhtar av dei vaksne, sjølv om elevane ikkje opplever situasjonen på den same måten. Lærarane synest at elevane kan ha utfordringar med å skjøne kvar grensa for akseptabel språkbruk går. Språkbruken til nokre av elevane kan verte oppfatta som umoden. Fleire av lærarane opplever dessutan at ein lyt vere meir på vakt og føre var p.g.a. strengare krav til dokumentasjon. Dette gjer at ein av og til kjenner at ein mister litt kontroll og at konfliktløysing er vanskelegare enn tidlegare. I periodar vert det nytta mykje åtvaringar og merknader heim, men bruken av desse er ikkje konsekvent blant alle lærarane.

Teikn på god praksis: Lærarane har positive forventningar til åtferd og gjev elevar positiv støtte

God praksis:

I intervju seier lærarane at dei har positive forventningar til elevane si åtferd og at dei tilsette i stor grad er samde om kva som vert forventa av. «Vanleg folkeskikk» og «omsyn for andre elevar» vert nemnde som sentrale omgrep. Vidare seier lærarane at dei gir elevane positiv støtte på

ei rekkje måtar og i mange ulike formelle og uformelle situasjonar. Lærarane understrekar at det er viktig å gje positiv, men konkret og reell tilbakemelding på det elevane får til. Støtta og tilbakemeldingane er med på å skape ein betre relasjon mellom dei vaksne og elevane. Det er viktig for lærarane at elevane og heimen vert informerte om kva forventningar skulen har til åtferd og elevane vert i stor grad involverte i arbeidet med å utforme klassereglane. Forventningar kan bli formulerte både munnleg og skriftleg.

Praksis som kan bli betre:

Nokre av lærarane opplever at dei faglege krava til kva elevane skulle kunne, vert stadig strengare. I ein hektisk skulevardag kan det vere vanskeleg å motivere og støtte elevar som ikkje er interesserte i skulearbeidet. I periodar kan det verte mykje fokus på elevar si negative åtferd, noko som kan gå ut over tida ein skulle hatt til andre elevar. Dette blir stadfesta av lærarar og elevar gjennom samtale. I samtale med elevar og føresette kjem det fram at elevane saknar grad av elevmedverknad, og heimen om involvering.

Kvalitetsmål foreldra: Foreldra er inkludert i og støttar opp om skulen sitt arbeid med å betre læringsmiljøet

Teikn på god praksis: Skulen legg til rette for at foreldra har ein arena der dei kan delta aktivt i arbeidet med elevane sitt læringsmiljø

God praksis:

Foreldra gjev uttrykk for at det er lett for foreldra å ta kontakt, spesielt uformelt. Dei uformelle arenaene blir brukt mykje meir enn dei formelle. Ein tar direkte kontakt om det er noko, både frå heim til skule og skule til heim. Foreldre seier at ting blir tatt der og då. Foreldremøter er ein av dei formelle arenaene som blir brukt mest av dei formelle arenaene. Bulandet skule har byrja med ny læringsplan som gir foreldra meir informasjon enn før, noko som blir opplevd positivt i foreldregruppa.

Praksis som kan bli betre:

Foreldra ynskjer å vite enno meir om kva skulen gjer på fagleg, sosialt og relasjonelt nivå. Dei seier dei veit lite om kva som er fokus og tema på skulen, og ynskjer å vere med å bidra då dei og er ein ressurs inn mot arbeidet skulen gjer. Dei vil ha ein meir transparent prosess av framtidsplanar og arbeidet skulen gjer med relasjonsbygging.

Teikn på god praksis: Kommunikasjonen mellom heim og skule er god

God praksis:

Foreldene seier det er lett å ta kontakt om det er noko, og ein får raskt respons tilbake. Det blir sagt at det blir lagt vekt på at det er låg takhøgde og låg terskel for kontakt. Foreldra seier det er god og tett kontakt. Det er positivt at rektor legg ut praktisk informasjon på skulen si heimeside

samt lenkjer til ressursar. Skulen legg til rette for aktivitet mellom foreldre og elevar på skulen ved årlege arrangement.

Praksis som kan bli betre:

Foreldra seier dei kunne bidra enno meir med å bygge opp miljøet ved å samle seg etter skuletid, gjere ting i lag for å vere med å skape positivt miljø. Dei seier at kanskje ein blir passive når ein er vandt til at skulen planlegger. Foreldra seier at ein konsekvens av at dei uformelle arenaene fungerer som primærkanal for kommunikasjon er der mykje viktig kommunikasjon som forsvinner. Det er lett for at det blir grupper som meiner noko anna enn andre, og det kan vere vanskeleg å få fram si eiga meining gjennom dei uformelle kanalane. Formelle organ som FAU og klassekontakt blir lite, eller aldri brukt. Spesielt gjeld dette for FAU.

Teikn på god praksis: Det er lett for dei føresette å ta kontakt med skulen

God praksis:

Det er mange høver å ta kontakt med skulen. Kommunikasjon føregår gjennom Messenger, Mail, lukka Facebook-gruppe og no Visma.

Praksis som kan bli betre:

Ulike lærarar og ulike trinn har ulik tilnærming til kvar og korleis ein tar kontakt. Foreldra seier dei ynskjer ein likare praksis. Dei reknar med VISMA blir hovudportalen for kontakt når den er etablert.

Teikn på god praksis: Foreldra snakkar fram skulen

God praksis:

Foreldra seier det har vore tema på foreldremøte, der det har blitt presentert viktigheita av at føresette bidrar til positiv forventning til skule. Foreldra gjev uttrykk for at ein prøver å framsnakke skule og læring for å motivere elevane og for å unngå at dei får eit negativt forhold til skule. Det er aksept for at skule av og til kan vere kjedeleg, men framleis viktig.

Praksis som kan bli betre:

Det blir nemnt at det er utfordrande å framsnakke skulen av og til når skulen er opptatt av å få konsekvens av regelbrot framfor førebyggjande arbeid av regelbrot. Spesielt når det blir gjennomført kollektiv straff etter individuelle brot. Dette fører til at elevane kjenner på å bli behandla med konsekvens utan å ha gjort noko gale sjølv.

Kvalitetsmål organisasjon: Skulen er ein lærande organisasjon som utviklar lærarane sin relasjonskompetanse gjennom kollektive prosessar

Teikn på god praksis: Personalet har vilje til å utvikle seg og endre praksis

God praksis:

Dei tilsette er generelt flinke til å skape gode relasjonar med elevane, seier rektor. Lærarane vert oppfatta som positive og villige til å legge ned ein innsats for å nå måla i framtidsbiletet og det er semje om eit ein treng å arbeide med å gjere relasjonane på skulen enno betre. Leiinga opplever at dei tilsette stort sett har eit felles syn på kva omgrepet 'gode relasjonar' inneber. Dei tilsette verkar interesserte i å utvikle ei felles plattform med retningslinjer og reaksjonsmåtar blir trekt fram.

Praksis som kan bli betre

Rektor seier det er, og har vore, eit sterkt fokus på det å skape enno betre relasjonar på skulen mellom elevane og mellom elevane og dei vaksne. Likevel er leiinga tydeleg på at skulen har ein veg å gå før ein har nådd måla sine. Det har vore ei stemning på skulen prega av ein del kjefting, stress og uhøvisk språkbruk samt dårlegare motivasjon blant enkelte av elevane trekker rektor fram. Dei tilsette er stort sett samde om felles reglar og reaksjonsmåtar, men i praksis vert ikkje desse alltid handheva likt.

Teikn på god praksis: Personalet har faste felles møtepunkt der dei reflekterer rundt eigen praksis

God praksis:

I koronaperioden fekk dei tilsette høve til å lese seg opp på relevant litteratur om emnet i tillegg til at det vart lagt til rette for refleksjon og erfaringsdeling rundt temaet. Det var stor interesse i å lære sa rektor. Dette har lærarar trekt fram i tillegg. I seinare tid har det vore vanskeleg å gjennomføre dei felles møtepunktta når kvardagen kom tilbake.

Praksis som kan bli betre

Leiinga opplever at dei tilsette er flinke til å reflektere rundt eigen praksis. Likevel kan det av og til mangle konkrete mål med samtalen og erfaringsutvekslinga. Leiinga vil i større grad ha ein klarare agenda før kvart møte eller samtale for å gjere desse enno meir konstruktive og effektive er rektor tydeleg på.

Teikn på god praksis: Leiinga legg til rette for målretta kompetanseheving og har arenaer der dei tilsette får høve til å auke relasjonskompetansen sin.

God praksis:

Rektor seier at det vert sett av mykje fellestid til å arbeide med temaet 'relasjonsbygging'. Ein arbeider med eit målretta prosjekt som går ut på å betre relasjonane på skulen. Sjølv om ein kjenner at ein har eit stykke igjen før ein er i mål, opplever ein likevel at ein er på god veg. Ein har som mål å lage ein felles plattform.

Praksis som kan bli betre:

Teikn på god praksis: Skulen har ein kultur for deling, samarbeid og felles refleksjon

God praksis:

Leiinga meiner at skulen er på god veg til å få ein kultur for kompetanseheving på området 'relasjonsbygging'. Leiinga understrekar at dei tilsette på skulen er gode på å dele erfaringar med kvarandre og kontaktlærarane har dessutan god kommunikasjon med foreldra. Dette gjer at heimane har tilgang til informasjon om skulen sitt arbeid på dette området i tillegg til at dei kan vere ein aktiv medspelar i utviklingsarbeidet.

Praksis som kan bli betre:

Skulen gjev uttrykk for at det er god kommunikasjon og flyt, men i samtale med føresette opplever ein at dei uformelle kanalane blir oftast brukt og ein saknar informasjon om utviklingsarbeid. Det er lett for at enkelte si stemme ikkje bli fanga opp gjennom uformelle kanalar.

7. Spørsmål til refleksjon

Bakgrunn	Refleksjonsspørsmål
Elevperspektiv	Korleis etablere relasjon med elevar som har eit interessefelt du som lærar kan lite om?
Lærarperspektiv	Korleis bygge relasjonar som toler sanksjonering når det er trong for det?
Foreldreperspektiv	Korleis få fram alle føresette si stemme?
Leiingsperspektiv	Korleis skape ein felles kultur for relasjonsbygging, kor heim, skule og elevar er involvert?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal skulen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal skular rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til skulane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Skule og dato: Bulandet skule, 05.11.2020

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS
Frank Oppedal

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS
Endre Natvik

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Tilsette, leiing, elevar og føresette på Bulandet skule.

Eksterne: Frank Oppedal og Endre Johan Bukøy Natvik

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med rektor fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og tre dagar på skulen. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema/påstandsskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Gruppesamtalar/gruppeintervju med lærarar, elevar, foreldre (FAU og leiing)

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i skulen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Framdriftsplan:

Tidspunkt: v. 45, tysdag 3.10-5.10.20

Tema: Relasjonar

Vurderarar: Frank Oppedal, Brekke skule, og Endre Johan Bukøy Natvik, Solund barne- og ungdomsskule

- Veke 6: Oppstartsmøte med heile personalet og utviklingsrettleiar
- Veke 22: Skulen sender råmateriale til framtidsbilete
- Veke 24: Skulen sender brainstorming kring framtidsbilete
Vurderarar blir kopla på
- Veke 38: Møte læringsmiljøprosjektet - skule, PPT, utviklingsrettleiar og HVL
(ekstern vurdering som ein del av dette) Arbeidsgruppa gjev tilbakemelding på (råmaterialet) for framtidsbiletet
Nettmøte mellom vurderarar og skule
Vurderarane gjev tilbakemelding på framtidsbilete
- Veke 43: Skulen godkjenner framtidsbilete.
Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Barnehagen sender ut innbydinga saman med framtidsbilete.
Skulen inviterer også tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, kommunalsjef, PPT og utviklingsrettleiar til presentasjon av rapport siste vurderingsdag
- Veke 44: Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbilete.
- Veke 45: **Vurderingsveka (Forslag):**

Tysdag:

Observasjon

Samtale med elevar (skulen set saman og lagar plan ut frå hensiktsmessig gruppestørrelse og timeplan)

Samtale med tilsette (Kor mange saman?) (skulen set saman og lagar plan)

Samtale med styrar/leiing på slutten av dagen

Foreldremøte kl.? Barnehagen inviterer inn

Skriving av tekst til rapport

Onsdag:

Observasjon

Samtale med elevar (skulen set saman og lagar plan)

Samtale med tilsette (skulen set saman og lagar plan)

Samtale med rektor/leiing på slutten av dagen

Start på skriving av rapport

Torsdag:

08.00- 12.30 Skrivning av rapport

12.30 Førebels rapport levert til rektor

14.30- Presentasjon av rapport for tilsette, styre, foreldreutval/samarbeidsutval, kommunalsjef, utviklingsrettleiar, PPT

Samtaleguidar og skjema

Elevperspektivet:

Kva er viktig for å trivast på skulen?

- Trur du dette er likt for alle?

Har ein nokon å vere saman med på skule?

- Har alle det trur du?
- Kva gjer ein om nokon ikkje har det?
- Kvifor er det å ha nokon å vere med viktig?
- Er ein saman med dei same på skulen som på fritida?
 - Kvifor er det slik / kvifor ikkje?

Føler ein seg trygg på at konflikter blir ordna opp?

- Korleis ordnar ein opp i konflikta?
- Kven er med å løyse konflikter?

Korleis viser lærarar at dei bryr seg om korleis elevane har det?

- Er dette likt for alle lærarar?
- Korleis veit du at læraren bryr seg om korleis ein har det?

Når det er noko ein ikkje forstår, kva gjer du då?

- Korleis opplever du at læraren støttar deg?
- Opplever alle dette?

Korleis kan du påverke klassemiljøet?

- Korleis tar du/dåke ansvar for eit godt klassemiljø?
- Tar alle ansvar for det?
- Korleis hjelper lærar til at alle kan ta eit ansvar for korleis andre har det?

Kva kjenneteikner klassemiljøet på Bulandet?

- Om du/de møtte nokon utanfrå, korleis ville ein kort skildra miljøet om ein skulle forklare det til framande?

Kva vil eit varmt fellesskap sei?

- Er det nokon faste opplegg der ein arbeidar med klassemiljø på skulen?
 - Klassens time,
 - Fast tema?
 - Temeperiodar?

Lærarperspektivet:

-Kva legg de i omgrepet 'gode relasjonar'?

-Korleis arbeider de for å bygge gode relasjonar med elevane?

-Korleis meiner de dei vaksne kan vere gode rollemodellar for elevane?

-Kva gjer ein konkret på skulen for å løyse konflikta?

-Kva forventningar har de som vaksne til elevane sin oppførsel?

-Har alle på skulen ei felles forståing om kva som er akseptabel oppførsel?

-Reagerer dei vaksne på skulen likt ved brot på reglane?

-Opplever de at dei vaksne har nokolunde like forventningar til elevane?

-På kva måte får elevane positiv støtte?

Foreldreperspektivet:

Korleis legg skulen opp til at foreldre kan delta i arbeidet med elevane sitt læringsmiljø?

- Kva har ein som foreldregruppe gjort for å påverke læringsmiljøet?
- Er det faste tema på møter med skulen (foreldremøte, utviklingssamtale, FAU, temadagar)?
- Skjer det endring når foreldre er involvert? Føler ein seg høyrd?

Kva kjenneteiknar god kommunikasjon mellom heim og skule?

- Opplever ein at kommunikasjonen er god?
- Er det same rutinar for heile skulen når det kjem til kommunikasjon mellom skule og heim?
- Kva plattform(ar) er det kommunikasjon mellom skule og heim?
- Fungerer kommunikasjonen begge veger?

Korleis tar ein normalt kontakt med skulen når ein treng det?

- Er dette likt for alle eller variasjon
- Kva kjenneteiknar ein god kommunikasjon?

Korleis framsnakkar ein skulen i heimen?

- Er dette tema på foreldremøte?
- Kva er det ein trekker fram når ein skal framsnakke skulen?

Har ein som foreldre påverknadskraft inn i skulen når det gjeld:

- Læringsmiljø?
 - Korleis?
- Klassemiljø?
 - Korleis?

Blir skuleorgana brukt aktivt til læring -og klassemiljø?

- FAU?
 - Korleis?
- Klassekontakt?
 - Korleis?
 -

Leiingsperspektivet:

-Opplever du at personalet har eit felles syn på kva omgrepet 'gode relasjonar' inneber?

-På kva måte kan ein sikre seg at lærarane har ei nokon lunde felles handheving av regelbrot?

-Opplever du at personalet har vilje til å utvikle seg og endre praksis?

-På kva måte får personalet høve til å utveksle og reflektere rundt eigen praksis?

-På kva måte vert det lagt til rette for målretta kompetanseheving av personalet?

-Har skulen ein kultur for kompetansedeling, samarbeid og felles refleksjon?